

# Valprogram for Gloppen SV for 2023-2027

## Ein god stad å leve og bu – For dei mange, ikkje for dei få

Gloppen SV er eit sosialistisk og feministisk parti som arbeider for at vi som samfunn skal fordele ressursane våre slik at dei kjem alle til gode. Samfunnet vårt treng eit mangfald av folk med ulike bakgrunnar, meiningar, identitetar og interesser. Gloppen SV arbeider for inkludering og mot framandfrykt, diskriminering og undertrykking. Vi ynskjer eit berekraftig samfunn og ein kommune som sikrar gode og trygge kvardagar for innbyggjarane.

## Oppvekst og utdanning

Ein god barndom varer heile livet. Barnehage og skule er viktige arenaer for å gje born ein god start i livet og minske sosiale og økonomiske skilnader, samt auke inkludering og forståing.

### Difor vil Gloppen SV:

- at Gloppen kommune skal vere ein aktiv og offensiv nynorsk-kommune som sikrar at born og ungdom får ei god nynorsk opplæring.
- arbeide for at Sandane skule får nok og tenlege klasserom og eigna SFO-lokale.
- byggje Hyen skule.
- at kommunen skal ha tilstrekkeleg barnehageplassar til å sikre fleksibilitet.
- sikre at gratis kjernetid på SFO vert tilgjengeleg slik at fleire born kan vere med i leiken.
- verne om breidda i Firda vgs. sitt utdanningstilbod.
- halde fokus på eit målretta arbeid for god psykisk helse og mot mobbing.
- ha eit ekstra løft for skulebiblioteka, spesielt for Breim skule og Hyen skule.
- avvikle ordninga med skulefri på onsdagane for 1.-2. klasse.
- ha eit prøveprosjekt med heilskapleg skuledag der SFO og fritidsaktivitetar blir ein del av dagen.

## Inkludering og mangfald

Gloppen kommune skal vere ein god kommune for alle og då er det avgjerande at kommunen arbeider målretta med inkluderingsarbeid. Vi skal ikkje la menneskje falle utanfor samfunnet, men sikre at alle kan bli høyrte og sett. Inkluderingsarbeidet må rette seg både mot utdanning, arbeid, fritid og der menneske elles møtast.

### Difor vil Gloppen SV:

- leggje til rette for mangfaldig og variert busetting.
- at kommunen skal ha eit målretta arbeid for å styrke inkluderingsarbeidet, også inn mot lag og organisasjonar.

- at Gloppen kulturskule skal vere ein viktig arena for inkludering.
- at Gloppen kommune skal flagge med det samiske flagget på samane sin nasjonaldag 6. februar og flagge med regnbogeflagget i høve Pride-markeringar.
- styrke arbeid i kommunen mot diskriminering, vald og trakassering grunna i kjønn, kjønnsuttrykk, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing og seksuell orientering.
- jobbe for at kommunen har rutinar for kompetanseheving av tilsette i barnehagane, barnevernet og grunnskulen om lhbt-spørsmål, slik at born blir møtt på ein god og inkluderande måte.
- at biblioteket skal ha eit breitt utval av skeiv litteratur, skeive filmar og informasjonsmateriell om lhbt-personar, som speglar mangfaldet i befolkninga.
- at Gloppen kommune skal tilby livssynsoppe seremonirom til dømes for gravferder.
- sikre eit godt nynorsk opplæringsstilbod i kommunen for vaksne innvandrarar.
- at Gloppen opplæringscenter og Flyktingtenesta får tilstrekkeleg med ressursar for å gje ein god introduksjon til samfunnet og Gloppen.
- at kommunen skal tilby mange og gode språkpraksisplassar.
- sikre deltaking i arbeidslivet for vaksne innvandrarar og andre arbeidstakarar som treng tilrettelegging.
- være ein pådrivar for at offentlege rom og bygg skal vere universelt utforma.

## Arbeid, velferd og helse

Arbeidslivet og velferdssamfunnet treng kvarandre for å fungere. Gloppen SV tykkjer det er særst viktig å lytte til dei som blir påverka av aktuelle vedtak og prioriteringar.

### Difor vil Gloppen SV:

- arbeide for eit meir likestilt arbeidsliv.
- arbeide for faste og heile stillingar, for ein heiltidskultur. Det er viktig å få vekk ufrivillig deltid.
- at Gloppen kommune skal vere ei god opplæringsbedrift for lærlingar.
- at helse- og omsorgstenestene i kommunen skal forbli kommunale. Vi seier nei til privatisering.
- ha ein aldersvenleg kommune. Det er viktig å sikre at heimetenestene har ressursar nok til å gje heimebuande eit godt og trygt tilbod.
- oppmuntre til kontakt og samarbeid mellom skulane og omsorgs- og helsetenestene.
- styrke arbeidet for å hindre seksuell trakassering og sikre gode varslingsystem.
- at kommunen skal vere ein trygg arbeidsgjevar som har ein god dialog med dei tillitsvalde.
- sikre og styrke den desentraliserte tannhelsestrukturen med eigen fylkeskommunal tannhelseklinikk på Sandane.
- halde fram arbeide med tannhelsereform slik at fleire grupper får tilbod til sterkt reduserte prisar.

## **Eit levande og allsidig kulturliv**

Det rike og varierte kulturlivet er ein viktig arena for inkludering og samfunnsbygging, og skaper samhald, meining og trivsel for innbyggjarane i Gloppen. Kommunen har ei mengd fagmiljø innanfor kultur, der både profesjonelle og amatørar spelar ei viktig rolle. Vi må leggje til rette for vekst og samarbeid mellom desse, og kommunen må gi gode vekstvilkår for både det frivillige og det profesjonelle kulturarbeidet. Mangfaldet av festivalar er ein ressurs for kulturkommunen vår og næringslivet.

### **Difor vil Gloppen SV:**

- styrke det breie og gode idretts- og kulturlivet i kommunen.
- sikre at alle har lik tilgang til å skape, delta og oppleve kunst og kultur, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion, seksuell orientering og alder.
- ivareta det profesjonelle kulturlivet, og oppretthalde samspelet mellom profesjonelle og frivillige aktørar.
- utvikle arenaer som er tenlege for konsertar og andre arrangement.
- verne om Nordfjord folkemuseum, festivalane og andre aktørar som bidreg til eit mangfald av kulturopplevingar på høgt profesjonelt nivå.
- at kommunen støtter opp om festivalane og frivillige organisasjonar sitt samfunnsnyttige arbeid.
- sikre at kommunen kan halde fram å ta imot tilbod frå institusjonar som Riksteatret, Teater Vestland, Carte Blanche og Bergen Filharmoniske orkester.
- sørge for at Gloppen folkebibliotek har ressursar til å halde laurdagsope bibliotek dei mørkaste vintermånadane.
- oppretthalde kultur som eigen sektor i kommunen.
- arbeide for at Gloppen kulturskule vert eit tilbod alle kan nytte seg av.
- støtte opp om Firda vgs. som institusjon for kulturutdanning.
- vere ein aktiv pådrivar for bygging av verne- og formidlingsbygget for Holvikejekta.
- at Musea i Sogn og Fjordane skal halde fram å ha hovudkontoret på Sandane.

## **Næringliv, landbruk og verdiskaping**

Eit variert arbeidsliv er viktig for at folk skal velje å bu i Gloppen. Vi treng både private og offentlege arbeidsplassar for at Gloppen skal halde fram som ein tilflyttarkommune.

Landbruket i Gloppen er ei svært viktig næring for heile kommunen. Vi treng både heiltidsbonden, deltidsbonden og småskala-landbruk.

### **Difor vil Gloppen SV:**

- arbeide for berekraftig utvikling i næringslivet.
- leggje til rette for kompetansesarbeidsplassar.
- vere ein attraktiv kommune for etablering av nye verksemder.

- tilretteleggje for fleire lærlingplassar, både i privat og offentleg sektor.
- sikre flyplassen som ein forutsetning for levande næringsliv i Gloppen og heile regionen.
- arbeide for å få Sandane lufthamn med i eventuelle prosjekt med elektriske passasjerfly.
- at kommunen bør vere ein aktiv medspelar for å sikre gode tilhøve for lokal matproduksjon og landbruk.
- styrke avløysarordninga.
- at kommunen skal bygge opp under den berekraftige næringsutviklinga som skjer i det lokale landbruket.
- prøve ut samarbeidsprosjekt mellom landbruket, skulane og opplæringscenteret.
- løfte kulturlivet og Nordfjord folkemuseum som ein sentral del av satsinga på reiseliv.

## **Klima og miljø**

Naturen er ei kjelde til liv, helse og verdiskaping. Vi vil nytte og verne om naturressursane våre på ein berekraftig måte, også for generasjonane som kjem etter oss.

### **Difor vil Gloppen SV:**

- verne om matjorda i kommunen.
- sikre berekraftig jord- og skogbruk.
- balansere omsynet til bruk og vern av naturressursar.
- verne om myra som klima- og naturressurs med rikt arts- og naturmangfald.
- legge til rette for berekraftig turisme.
- setje krav til utsleppsgrense frå cruiseskipa som kjem.
- sikre alle tilgang til naturopplevingar.
- at Gloppen skal bli ein sykkelkommune! Det skal vere mogleg å sykle fire kilometer til skulane, og fleire vaksne må ha høve til å sykle til og frå arbeid.
- prioritere godt vedlikehald av dei kommunale vegane, rassikre utsette vegar og arbeide for gul midtstripe, framfor ei massiv utviding av E39.
- at kommunen skal sortere avfall frå eigen aktivitet.
- stille miljøkrav til leverandørar kommunen kjøper varer og tenester frå.
- gå inn for prosjekt der kommunen monterer solceller på kommunale tak.
- at kommunen så langt som råd skal bruke nullutsleppskøyretøy i eigen organisasjon.
- at Gloppen skal bli ein plastsmart kommune.
- sikre tilgang til strand, skog, fjell og andre allmenne areal.
- være restriktiv mot bygging og bandlegging i strandsona, langs vatn og fjord.
- praktisere ein restriktiv politikk i høve lysforureining.

## Folkestyre

Eit levande folkestyre føreset eit breitt folkeleg engasjement, tilgang på kunnskap, og nærleik mellom dei styrande og dei styrte. SV ynskjer å få flest mogleg til å engasjere seg i lokalpolitikken.

### Difor vil Gloppen SV:

- at det skal vere lett for innbyggjarane å kome i kontakt med kommunen og påverke kommunale prosessar.
- at kommunen og det kommunale demokratiet systematisk skal invitere til opne møte tidleg i politiske saker.
- stimulere til rekrutteringsarbeid for å få eit meir representativt folkestyre der spesielt unge vaksne og nytilflytta er viktige målgrupper.
- at Gloppen kommune skal halde fram som eigen kommune. SV krev folkerøysting om spørsmålet kjem opp i perioden.
- at Gloppen kommune skal få til gode og tenlege samarbeid med nabokommunane.

## Beredskap og tryggleik

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunen er å sikre at innbyggjarane kan leve og bu trygt. Klimaendringar og meir ekstremvær aukar behovet for kriseberedskap. Dei siste åra har vi sett meir sentralisering av naudetatane, og med det kjem utfordringar som gjer det naudsynt at kommunen gjer grep for å sikre innbyggjarane i ekstreme tilfelle.

### Difor vil Gloppen SV:

- byggje meir ras- og flaumsikring for framtida.
- styrke redningsberedskapen på fjordane våre i lys av cruiseturismen i området.
- arbeide for at politi- og ambulansetenestene framleis har base i kommunen.
- arbeide for at frivillige beredskapsorganisasjonar har gode vilkår i kommunen.

## Bustad og lokalsamfunn

Korleis ein bur er heilt grunnleggande for oss som menneskje. Gloppen treng ein bustadpolitikk som gir rom for å byggje samfunn, ha ro i kvardagen og moglegheit til aktivitet. I nærleiken av bygdesentra må ein ha fokus på å lette ferdsel for mjuke trafikantar. Det skal vere mogleg å gå eller sykle, dersom det er mindre enn fire kilometer til skule. Det skal vere trygt å vekse opp i Gloppen, då må det også vere trygt å ferdast til og frå skule, trening og vennebesøk.

### Difor vil Gloppen SV:

- leggje til rette for bustadbygging som dekker ulike behov i same nabolag.

- at det ved nybygging må prioriterast plass til rekreasjonsområde og generasjonsmøteplassar.
- satse på aldersvenlege bustadar, spesielt i nærleiken av bygdesentra i kommunen.
- at kommunen skal tilby utleigebustader i ulike storleikar til menneskje i ulike fasar av livet.
- at kommunen skal vere ein aktiv part i utvikling av sentrumsområde og sikre gode område for aktivitet og sosialt liv.